



# Grøn vekst og moglegheiter for kommunar og bedrifter i Sogn og Fjordane

**GRØNT SKIFTE OG** omstilling er omgrep som er på plakaten i media, politikken og kvardagen for oss alle.

Men kva er eigentleg Grønt skifte? Kva innhald har det og på kva måte gjeld det oss? Her er det mange svar, men det viktigaste er at verda må gjennom ei grunnleggjande omstilling, der naturen si tolegrense er fasiten. Vi må redusere utslepp av gassar som fører til klimaendringar, vi må ta betre vare på jordkloden ved mindre utarming og ureining av jordsmonnet, ureining av vasskjelder og ha fokus på forvaltning av materialar som blir teke ut. Vi må sikre framtidige generasjonar sitt livsgrunnlag. Om vi held fram som no, treng vi 2–3 jordklodar i nær framtid. Det har vi ikkje.

## EI GRUNNLEGG-JANDE OMSTILLING

er difor naudsynt, med handling på alle nivå.

Men endringar inneholder alltid moglegheiter, og poenget er korleis vi kan ta utfordringa og sjå etter moglegheiter for ny aktivitet og nye arbeidsplassar innafor det Grøne Skifte.

Løysinga ligg i at vi må gå frå linjær til sirkulær produksjon. Materialflyten må gå frå vogge til vogge, og fossile energikjelder må bli erstatta med fornybare; med andre ord må vi tenkje kretsløp og ny produksjon.

**I SGN OG** Fjordane har vi lange tradisjonar og store fornybare energiressursar, skog og jordbruks, gode vassressursar, god tilgang til areal, god infrastruktur som djupvasskaiar og sjøtransport. Vi har teknologi som kan brukast som den er, og vi har miljø som kan tilpasses og utvikle ny teknologi.

Ved å samarbeide meir på tvers

av bransjar, kan vi utvikle verdikjeder med kvar sine arbeidsoppgåver med utgangspunkt i selskapet sin gjeldande kompetanse og teknologi.

## INNANFOR TRANSPORT-SEKTOREN TIL

dømes har Sogn og Fjordane fylkeskommune i gang prosjekt om bruk av hydrogen som drivstoff i maritim sektor. Fylket har lang kultur, god kompetanse og mange bedrifter innafor sektoren, og gjennom samarbeid i heile verdikjeda kan vi skape marknad for hydrogen som drivstoff. Vi har stor aktivitet og mange fartøy som kan ta i bruk slikt drivstoff, vi har leiande bedrifter som designar og byggjer båtar, vi har transportbedrifter med kunnskap, utstyr og erfaring med lagring og transport av farleg gods, vi har elektromekanisk industri som kan installere produksjonsanlegg og vi har fornybar energi som kan produsere

hydrogen utan utslepp av klimafarlege gassar.

Dersom vi produserer hydrogen på småkraftverk sin lokalitet, har vi omdanna ei fornybar energikjelde som er avhengig av linjenettet, til ei fornybar energikjelde som kan transporterast på tank med sjø- eller landtransport. Dette er ikkje opplagt og klart i dag, men teknologien finst, og det er gjennomførbart.

**TOKYO OL I 2020** skal gå under miljø- og fornybar profil. Energikjelda skal vere hydrogen, og arrangørane jobbar for at medaljane skal produserast frå edle metall gjenvunne frå innsamla mobiltelefonar. Alle utfordringane er ikkje løyst pr. dato men det er berre ved å gå så høgt ut at løysingane blir funne. Vi treng visjonære leiatarar som har eit mål, og som kan gå føre og vise veg.

**SGN OG FJORDANE** fylkeskommune har gitt Kunnskapsparken støtte til prosjektet: «Grøn vekst basert på avfall som ressurs».

Målet var å kartlegge og mobilisere potensial for etablering av ny næringsverksemnd basert på avfall som ressurs. Prosjektet er ei vidareføring av arbeid som SIMAS sette i gang i 2013, og delprosjekt som Omstillingssstyret i Årdal og Lærdal har finansiert.

Samla resultat frå desse initiativa er at det er avdekt spennande forretningsmulegheiter, der avfall blir ein ressurs. Restavfall frå SIMAS kan representere ei stabil energikjelde for småskala industriprosessar. Heilt konkret i dette prosjektet er tanken å ta i bruk skogressursar til å produsere transportabel fornybar energi. Varmen frå forbrenningsomnen skal tørke flis og produsere pellets som kan eksporterast eller seljast på den nasjonale marknaden. Eige selskap er etablert for vidare utvikling.

Sognefjorden skal takast i bruk som transportåre, og skogbruksnæringa, den maritime næringa og transportnæringa har gått saman og etablert selskap for å utvikle denne delen av prosjektet. Interessantane er lokalisert langs heile Sognefjorden, frå Gulen til Lærdal.

## EIT ANNA SAMARBEIDS-PROSJEKT

der avfall er råstoff, er våtorganisk avfall. Her er eit særspennande forskingsprosjekt i gang, der kunnskapsmiljøet ved Njøs næringsutvikling på Leikanger har ei viktig rolle. SIMAS næring as er eigar av prosjektet, og samarbeidspartar er Universitetet i Oslo, Lindum as i Drammen og forskarar i England og Polen. Målet er å få til ein kompostprosess og eit produkt som er spesielt retta mot frukt- og bærnæringa. Prosjektet produserer ny kunnskap og eit produkt som er etterspurt i ei viktig næring i vår region. Vi får i tillegg kort kretsløp, auka aktivitet, ny

verdiskaping og ny produksjon i Festindalen med utgangspunkt i innsamla matavfall frå Sogn og Nordfjord.

## DESSE KONKRETE PROSJEKTA

ser vi som starten på ei retning for utvikling av bedrifter i regionen basert på grøne arbeidsplassar og sirkulær økonomi. Potensial er stort og det er mange område vi kan utvikle etter same mønster – dersom vi vil!

Men store endringar og nye idear skapar også stor motstand, og lokalt er det meir enn nok av dei som snakkar ned nye prosjekt og planar. «Marknaden er ikkje til stades», «erfaranda er ikkje til stades», «det vil bli for dyrt og vi vil ikkje ha sjanse til å lukkast». «Vi er for små», eller «vi er for langt vekke», «vi har ikkje kompetanse», er nokre av argumenta som får lov å leve lenge. Men med det utgangspunktet står vi stille og verda går frå oss. Mange seier at «oljetøyet» gjekk frå oss i Sogn og Fjordane, lat ikkje denne mulegheita til å skape nye verdiar og arbeidsplassar gå frå oss fordi vi trur vi ikkje klarar. Vi har mange vesentlege ressursar å bygge på og med pågangsmot, samarbeid og samhandling mellom privat næringsliv og offentlege utviklingsaktørar er fundamentet på plass. Ein del prosjekt kan vere moden for gjennomføring på kortare sikt, medan andre treng meir tid, utgreiing og modning. Men fokuset og retninga i utvikling av eksisterande bedrifter og etablering av nye må vi ikkje miste av syn.

Sogn regionråd arrangerer fellesmøte med formannskapa 30.9.2016 for å diskutere kva som bør vere satsingane dei neste fire åra. Kva skal til for å få sterkare vekst og utvikling i Sogn? Kva skal kommunane samarbeide om? Før møtet publiserer Sogn Avis fire kronikkar som frå ulike vinklar utfordrar på kva regionrådet bør prioritere.



**Jøril Hovland**  
Prosjektleiar i  
Kunnskapsparken  
Sogn og Fjordane  
**KRONIKK**